



Invitasjon til felles rådsmøte for Hardangerrådet og Sogn regionråd

Dato: 15. og 16. september 2020

Stad: Hardangerfjord Hotel, Øystese

Nytt fylke opnar for nye samarbeidsrelasjonar og moglegheiter for tettare samarbeid mellom Hardangerrådet og Sogn regionråd. Dei to regionane har unike kvalitetar og mange likskapstrekk som vi kan byggja på i eit samarbeid. Drøftingane om korleis vi kan utvikla samarbeidet og kva som kan vera aktuelle samarbeidsområde starta i fjar. Møta viste vilje til samarbeid og at dette kan vera starten på noko nytt. Vi inviterer til felles rådsmøte for å drøfta kva samarbeidet kan handla om og vegen vidare. Korleis utvikla Indre Vestland til ei kraft? Kva kan vi samarbeide om?

Vi inviterer til felles middag kvelden før møtet.

Program

Tysdag 15. september

kl 19.00 Felles middag - Sosialt samvær

Onsdag 16. september

kl 09.00 - 14.00 Felles rådsmøte

Agenda:

- 1. Korleis står det til i regionane og kva er utfordringane?**
 - Innleiing ved rådsordførarane Torgeir Næss og Ivar Kvalen
 - Innspelsrunde/drøfting
- 2. Reiseliv som mogleg samarbeidsområde?**
 - Innleiing Visit Sognefjord v/Ståle Brandshaug og Visit Hardangerfjord v/Andreas Skogseth
- 3. Utvikling gjennom samarbeid – Kva vil vi samarbeide om? Korleis utvikla ein slagkraftig region?**
Rådsordførarane innleiar til debatt
- 4. Oppsummering og vegen vidare**

Vel møtt!

Med helsing

Torgeir Næss
Hardangerrådet

Ivar Kvalen
Sogn regionråd